



Lars Kremplig

### HORDALANDS HARDHAUS

*Ho er bardfør og nøysam, som oftest smålåten, men oppfarande nok når ho synest ho må – og uløyeleg knytt til heimefjellet. Ein av verdas mest spesialiserte fjellfuglar er ikkje så ulik andre ulvikjer.*

Øvst i fjellet er fugle- og dyrelivet lite variert. Det er ikkje mykje å leva av i blokkmarka. Ein og annan steinskvett og nokre heipiplerker flagrar gjerne omkring på leit etter ein edderkopp eller ein insektlarve. Somme stader har små grupper med snøsporv slege seg til, kanskje smett ein røyskatt inn under ei steinhelle eller forsvinn ned i dei mange sprekkane i berget. Men at den rundt halv kilo tunge fjellrypa skal vera ein av dei vanlegaste artane i dette karrige landskapet, er mest ikkje til å tru. Så treng ho òg mesteparten av dagen til å leita etter mat, og smellfeit blir ho mest aldri. Andre fuglar vører knapt matfatet hennar, så ynkeleg lite som der er å finna.

Fjellrypa hekkar i mange fjellområde i fylket vårt. Ulvik er ein av favorittstadene hennar. Samla sett er truleg bestanden hos oss vesentleg større enn for den velkjende lirypa, som har så høg status mellom mange småviltjegerar. Bestanden på landsbasis er vurdert å ligga ein stad mellom 200 000 og

500 000 par. Ein reknar at vel 40 prosent av den europeiske hekkebestanden er å finna i vårt land. Fjellrypa er såleis ein viktig «ansvarsart» i norsk viltforvaltning.

Fjellrypa er uvanleg godt kamuflert. Med mindre du har kurs rett mot henne – og er på få meters avstand – kan ho vera uråd å oppdaga. Den kamuflasjefarga fjødrakta er heilt avgjerande for å overleva. Såpass tung som ho er i skrotten, ville ho elles vore eit utsett byte. Det er rett nok ikkje like mykje jaktfalk i fjellet som før, men i dei beste rypeområda har denne rovfuglen greidd seg. Den farlegaste rypefienden er likevel jege-rane – årleg blir det felt mellom 650 000 og 750 000 ryper i Noreg, liryper inkludert. Eit slikt uttak åleine trugar neppe bestanden, men talet kjem i tillegg til mange hundre tusen ryper som årleg går tapt ved kollisjon mot dei mange kraftlinjene som kryssar fjellheimen. Eit anna trugsmål er miljøgifter – det er nemleg påvist høge konsentrasjonar av tungmetall som kadmium og bly i indre organ av fjellrype, truleg skriv det seg frå langtransportert luftforureining.

Slik sett er fjellrypa ein god indikator på miljøtilstanden. Arten lever under tilnærma marginale tilhøve året gjennom og held seg heile sitt liv i det same området. I kampen for tilværet kan reinen vera til god hjelp – der dyra har grave beitegroper i snøen, finn stundom fjellrypa noko å eta. Store snøfall

kan få henne til å trekkja ned i bjørkesko-gen, men når vinden blæs rabbane frie for snø, flyttar hardhausen opp att i høgda.

Tidlegare vart mange ryper – særleg liryper – fanga i snarer i Hordaland. I dag er denne tradisjonen stort sett forboden, så nær som i Odda, Ullensvang, Eidfjord og Kvam, der snarefangst framleis er lovleg, men på strenge vilkår.



Fjellrype; bann i vinterdrakt (under) og bo.  
(Lars Kremplig)

